



AGDER FYLKESKOMMUNE
Postboks 788 Stoa
4809 ARENDAL

Vår ref.:
2025/413-4

Sakshandsamar:
Kjetil Vik
Kjetil.Vik@bykle.kommune.no

Dato
25.09.2025

Høring - skule- og tilbodsstruktur for vidaregåande skular i Agder 2026-2030 - Bykle kommune

Kommunestyret si handsaming av sak 95/2025 i møte den 18.09.2025:

Handsaming

Saka vart drøfta

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke

Vedtak

Bykle kommune vedtek å sende høringsuttale om skule- og tilbodsstruktur for vidaregåande opplæring i perioden 2026–2030 innan fristen 30. september 2025 til Agder fylkeskommune, slik den går fram av vurderingar og konsekvensar.

Saken handsamast og i Ungdomsråd 23. september 2025. Supplerande uttale frå Ungdomsrådet leggst ved høringsuttala.

Ungdomsrådet si handsaming av sak 14/2025 i møte den 23.09.2025:

Handsaming

Saka vart drøfta

Det vart ingen innvendingar til saka.

Ungdomsrådet er einige i kommunedirektørens tilråding.

Vedtak

Bykle kommune vedtek å sende høyringsuttale om skule- og tilbodsstruktur for vidaregåande opplæring i perioden 2026–2030 innan fristen 30. september 2025 til Agder fylkeskommune, slik den går fram av vurderingar og konsekvensar.

Saken handsamast og i Ungdomsråd 23. september 2025. Supplerande uttale frå Ungdomsrådet leggst ved høyringsuttala

Bykle kommune sender følgjande høyringssvar:

Bykle kommune støttar behovet for ei heilskapleg vurdering av vidaregåande opplæring i Agder, men har følgjande innspel:

Region: Indre Agder

Bykle kommune ser med uro på at elevtalet er stabilt lågt. For å snu utviklinga er det naudsynt å halde oppe eit breitt og attraktivt tilbod, trass i lågt elevtal.

Setesdal vidaregåande skule er ein nøkkelinstitusjon for regionen. Lokalt næringsliv etterspør fagarbeidarar innan bygg- og anlegg, transport og logistikk, reiseliv samt industri og tekniske fag. Samstundes er det viktig å oppretthalde eit studieførebuande tilbod slik at ungdom som ønskjer høgare utdanning, kan starte utdanningsløpet sitt lokalt.

Kommunen vil understreke at svekking av tilbodsstrukturen ved Setesdal vidaregåande skule raskt kan få ringverknader for busetjing, rekruttering av arbeidskraft og samfunnsutviklinga i heile indre Agder.

For å auke attraktiviteten og dermed talet på søkjarar, bør følgjande tiltak vurderast:

- Tilbodsstruktur må tilpassast lokale behov og etterspurnad, både med tanke på elevane sine utdanningsønskje og behova til næringslivet i regionen.
- For å sikre breidde i tilbodet, må oppretting av halve klassar i distrikta vidareførast med auka finansiering, slik praksis har vore tidlegare.
- Eksisterande bygningsmasse bør nyttast effektivt og oppgraderast for å vere mest mogleg attraktive.
- Elevheim må halde høg kvalitet og attraktivitet. Den bør vurderast oppgradert til dagens standard. Det er ikkje lenger internatdrift på skulen, og elevheimen er å rekne som eit hybel- og leilegheitsbygg. Standarden på dette er ikkje i samsvar med kva ein kan forvente i utleigemarknaden. Elevheimen kan og bør utviklast til eit konkurransefortrinn for skulen.

Fylkeskommunen har ein lovfesta plikt til å leggje til rette for at dei som ikkje kan bu heime under vidaregåande opplæring har tilgang på bustad.

- Kollektivtilbod og timeplanar må tilpassast elevane sine reisebehov. Timeplan bør justerast slik at dei som ønskjer det kan reise heimanfrå måndag morgon i staden for sundag ettermiddag, slik dei må gjere nå.
- Tidlegare politisk vedtekne midlar til nye verkstader og utvikling av skulebygg må realiserast snarast.

Generelle innspel

Innspel til prinsipp for skule- og tilbodsstruktur;

Bykle kommune meiner distriktsskulane må kunne få unntak frå nokre av dei generelle prinsippa:

- **Minimum 300 elevar per skule:** Dette prinsippet er urealistisk for distriktsskular som Setesdal vidaregåande skule. Alternative verkemiddel må nyttast for å sikre fagleg og sosialt miljø.
- **Tre parallellar i studiespesialisering:** Setesdal vidaregåande skule bør få tilstrekkelege ressursar til å tilby fleire programfag enn det som er minimumskravet, sjølv med færre klassar.
- **Vg1-elevar bør kunne bu heime:** Dette er ikkje realistisk i distrikta grunna smalt vg1-tilbod i nærmiljø, geografi og kollektivtilbod. Nærskulematrisa som gjeld for Agder i dag må oppretthaldast, slik at elevar frå Bykle og Valle kommunar kan bu hos familie eller i sekundærbustader når det er mogleg.
- **Éin lokalisering per skule:** Setesdal vidaregåande skule må kunne ha avdelingar både i Valle og på Hovden.

Andre generelle innspel

Bykle kommune er opptatt av at Setesdal vidaregåande skule avdeling Hovden/Hovden Skigymnas skal kunne utvikle seg vidare både som ein nasjonalt skigymnas og eit lokalt vidaregåande tilbod.

Bykle kommune er opptatt av at skulestrukturen skal støtte opp om behova for kvalifisert arbeidskraft i Øvre Setesdal - møte næringslivets behov, slik at tilbodet om Tømrer, Helsefagarbeidar, Barne- og ungdomsarbeidar og Transport og logistikk blir tatt vare på. Samtidig som det blir vurdert å etablere et tilbod om Sal og reiseliv.

Med helsing
Bykle kommune

Kjetil Vik
Skule- og oppvekstansvarleg

Brevet er elektronisk godkjent og sendast utan underskrift.